



Arkivnr: 2014/8-12

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		03.12.2014

#### Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2014 - nye søknader

##### Samandrag

Det er eit ynske hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2014 er det sett av 500.000 kr.

I 2014 vart søknadsfristen sett til 1. mai, og FTU mottok tilskotssøknader frå kommunane Sund og Fusa. Desse vart handsama i FTU-møte 7. mai, og kommunane fekk tildelt eit tilskot på tilsaman 242.400 kr. Det vart i møte opna for at evt nye søknader for 2014 kunne handsamast på seinare møte.

Kriteria for å få tilskot er at midlane kan gå til mellom anna nødvendig innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking osb., men ikkje til bruk av kommunale ressursar. Austrheim kommune har søkt om 150.000 kr i tilskot, medan Vaksdal har søkt om 400.000 kr i tilskot. Til saman utgjer dette 550.000 kroner.

##### Forslag til vedtak

1. Austrheim kommune får tildelt tilskot på 150.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Vaksdal kommune får tildelt tilskot på 200.000,- kr. til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.11.2014**

Denne tilskotsordninga har fungert godt dei tre førregåande åra, og det er fyrste gong det er eit mindreforbruk på denne posten. I 2014 vart fristen sett til 1. mai, og FTU mottok tilskotssøknader fra kommunane Sund og Fusa. Desse vart handsama i FTU-møte 7. mai, og kommunane fekk tildelt eit tilskot på tilsaman 242.400 kr. Det vart i møte opna for at evt nye søknader for 2014 kunne handsamast på seinare møte.

Austrheim kommune har søkt om 150.000 kr i tilskot, medan Vaksdal har søkt om 400.000 kr i tilskot. Til saman utgjer dette 550.000 kroner. Dette er langt meir enn det ein no har til rådevelde på denne budsjettposten (258.000 kr). Tidlegare tilskotsutbetalinger har i gjennomsnitt lagt på om lag 100.000 kr, og det meste som er utbetalt er tilskotet på 192.000 kr til Fusa kommune tidlegare i år. Ut frå dette så skal det mykje til å gje Vaksdal kommune fullt ut tilsegn på sin søknad på 400.000 kr.

Samstundes viser førebels rekneskap for FTU (4 mill kr i 2014) eit mindreforbruk. Med bakgrunn i at begge desse kommunane etter planen skal vere pilotkommunar for prosjektet Trafikksikker kommune, så er det særleg viktig at kommunane har oppdaterte trafikksikringsplanar som kan legge grunnlaget for eit godt trafikksikringsarbeid i åra som kjem.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Fylkesrådmannen rår difor til at Austrheim kommune får tildelt tilskot til liks med søknadssummen på 150.000 kr, og Vaksdal kommune får eit tilskot på 200.000 kr. Dette vil då vere det største tilskotet som er utbetalt i denne tilskotsordninga.